

## Modalen kommune

Ber om at brevet vert distribuert til:  
Ordførar  
Rådmann/ Byrådsleiar

Dykkar ref:

Vår ref:

Dato:  
6.11.2017

## Busetting av flyktningar i 2018

Norske kommunar har dei siste åra gjort ein formidabel innsats med busetting og kvalifisering av flyktningar. Busetting er det første skrittet i integreringsprosessen i kommunen. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) takkar Modalen kommune for innsatsen i dette arbeidet.

Dei siste prognosane viser at behovet for busetting i 2018 vil vere rundt 4 400 flyktningar, inkludert 150 einslege mindreårige. Årsaka til redusert behov for busetting er at færre søker asyl i Noreg.

Det betyr at berre om lag halvparten av kommunane som har busett flyktningar dei siste åra, vert oppmoda om å busette flyktningar i 2018. Kommunane som vert oppmoda vert beden om å busette langt færre enn tidlegare.

Med bakgrunn i noverande prognosar og lågare behov for busetting, er det ikkje naudsynt å oppmode Modalen kommune om å busette flyktningar i 2018.

Avgjersla er treft i samråd med KS.

Det er forventa 27 000 deltakarar i introduksjonsprogrammet mot slutten av 2017. Talet er historisk høgt. Flyktningane skal raskt over i arbeid eller utdanning og bli aktive deltakarar i lokalsamfunnet deira. Viss vi skal lykkast i dette arbeidet har kommunane ei heilt sentral rolle. IMDi ser difor fram til å halde fram det gode samarbeidet med Modalen kommune om integrering av flyktningar.

Med helsing  
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Ohene Aboagye  
regiondirektør

*Dokumentet er godkjend elektronisk og treng difor ikkje signatur.*